

Svært interessant på vellukka temakveld.

16.04.2016



Det var svært interessant å høyra på Magnar Kartveit.

Uskedal sokneråd kan sjå tilbake på endå eit godt arrangement etter den svært interessanne temakvelden med professor Magnar Kartveit fredag kveld. Gjennom føredraget Den rettferdige lir - Jobs bok gav professoren dei frammøtte ny kunnskap og inspirasjon. Han var ein framifrå formidlar, og det var tydeleg han nådde fram til dei som hørde på.



Kartveit saman med tidlegare elevar: Pål Dale(f.v.), Torstein Arthun, Magnar Kartveit, Lina Håland og Aud I. Haugland

Etter flott orgelmusikk ved Eva Megyesi til opning, ønskte soknerådsleiar Svanhill Haugland velkommen. Ho understreka at ho håpa at dette skulle verta ein fin kveld med kyrkjeleg kunnskapsformidling og kyrkjeleg musikk. Det vart det.

Deretter gav ho ordet til professor Magnar Kartveit, opphoveleg frå Manger, men som har vore knytta til Misjonshøgskulen i Stavanger sidan 1975, rett nok avbrote av nokre kortare utanlandsopphald. Då han takka for invitasjonen, sa han mellom anna at det var kjekt å kome hit og sjå korleis soknepresten vår, Lina Håland, hadde det, og å treffa mange kjende. Lina var ein av dei siste elevane hans på Misjonshøgskulen, medan ein annan velkjend prest for oss, Pål Dale, var ein av dei første. I tillegg var det også andre elevar. Eit samantreff var det også at Aud Isaksen Haugland møtte han. Ho hadde han som realskulelærer tysk, norsk og historie på Haugeheim i 1966 då han var 20 år gammal. Haugeheim var ein kristen skule som haugianarane dreiv.

Føredraget sitt innleia Magnar Kartveit med eit vers frå Johannes evangeliet før han tok tilhøyrarane gjennom ei interessann reise gjennom Jobs bok. Han sa at denne boka på 42 kapittel skil seg ut i Det Gamle Testamentet, og det er ein flammande protest til mykje av det vi kan lesa i dei andre bøkene i GT. Når ein les Jobs bok, er det til dømes ein protest mot visdommen i Ordtøka.

Når ein les Bibelen, må ein hugsa at den er vorten til over svært lang tid og på 3 ulike språk. Når kyrkja har ei bok som spriker i innhald og hendingar, er det viktig at ein har kunna forska på dette ved samtale og samarbeid, og utan å risikera halshogging og straff. Han sa også at ein del av Det Nye Testamentet er ei ny forståing av tekstane i GT.

Jobs bok fortel om Job som var størst og rikast i aust, men han mista alt og vart utsett for den eine plaga etter den andre av Satan. Likevel var han framleis ein gudfryktig mann som sa at ein ikkje berre kunne ta mot det gode frå Gud. Han sa heile tida at han ikkje hadde synda. Til slutt i boka fekk han også alt tilbake.

Spørsmålet har ofte vore: er det samanheng mellom sjukdom, liding og synd?

Job hadde rett i at han vart straffa utan skuld. I Det Nye Testamentet gjev Jesus Job rett i at det er ingen samanheng mellom synd, sjukdom, liding og død.

Kvar dag les og høyrer vi om lidingar i media, om svolt, hunger, overgrep og anna. Kan ein Gud finnast som tillet dette? Jobs bok har eksempel på eksempel på korleis Job takla dette. Job gav ikkje opp Gud. Han kunne hatt god grunn til å verta ateist, men vart det ikkje. Til slutt fekk han alt tilbake.

NT har sett retning for at vi skal ta oss av dei lidande uavhengig av kven ein er, eller kva ein har gjort. Vi stiller aldri slike spørsmål t.d. ved ein operasjon. Dette er i tråd med kristen tankegang.

Dette var noko av innhaldet i føredraget til Magnar Kartveit. Tilhøyrarane opplevde det svært interessant då Kartveit trekte linjene. Mange opplevde det svært inspirerende.

Siste post på programmet var ein spørsmålrunde, og fleire nytta høve til å få svar på spørsmål dei sat inne med.

Denne gongen hadde ein ikkje invitert nokon til å ha musikkinnslag. Derimot hadde soknerådsleiar, Svanhill Haugland, valt ut salmar om Guds storhet og omsorg til fellessong. Med Eva Megiesi ved orgelet runga verkeleg salmesongen i kyrkja. Mange sette pris på dette. Her var det verkeleg mange gode songarar, og det burde lova godt for kyrkjekoret NORDMADRIGAL som startar opp 5.september.

Ei økt med kaffi og kaker var det også, og det gav dei frammøtte mulighet til å prata litt med kvarandre.

Den vellukka temakvelden kunne vore betre på eitt punkt. Klart fleire burde ha fått oppleve det gode føredraget til den framifrå formidlaren. Årsaka til at frammøtet ikkje var betre, har nok samanheng med fleire uheldige arrangementskollisjonar. I bedehuset hadde t.d. Misjonssambandet møteveke. Her vil det verta teke initiativ slik at vi prøver å unngå slike kollisjonar i framtida.

Dei som kom var i alle fall svært fornøgde. Sjølv om uskedelingane var litt få, var dei bra frammøtte frå nabobygdene. Ja, det var tilhøyrarar frå Stavanger i sør til Vaksdal i nord. Ein av dei tilreisande, Bjørn Ove Sunde, gav uttrykk for at det var eit svært interessant tema, og han var glad for at han fekk det med seg.



Soknerådsleiar Svanhill Haugland takkar Magnar Kartveit med blomar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland